

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.09.2018**

### **Handsaming i møte**

Partner, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor, Espen Hordvik, orienterte om at Deloitte har hatt fleire kvalitetskontrollar i kommunar dei er revisor for på rekneskapsrevisjon utført av både Den norske Revisorforening (DnR) og Norges kommunerevisorforbund (NKRF) og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Alle kontrollane har konkludert med at dei vart godkjend.

På bakgrunn av at kvalitetskontrollane gjeld kommunar og ikkje fylkeskommunen går punkt 1 i vedtaket ut.

Vidare presenterte Deloitte eit oversyn over oppdrag dei har utført/utfører utover det som ligg i revisjonsoppdraget. Presentasjonen vert å sende på e-post til kontrollutvalet etter møtet. Punkt 2 i forslag til vedtak vart endra i tråd med dette.

Etter dette går punkt 1 ut. Punkt 2 vart til punkt 1 og endra i tråd med det som går fram av førre avsnitt og punkt 3 vert endra til punkt 2.

Med desse endringar vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Deloitte sin presentasjon med oversyn over oppdrag dei har utført/utfører utover det som ligg i revisjonsoppdraget vert å sende kontrollutvalet på e-post etter møtet.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.